

## Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representanten June Vibecke K. Indrevik (H) har stilt følgjande spørsmål:

*Kan hovedutvalget for kultur, idrett og integrering få en oversikt over hvilke tilskuddsordninger som utvalget har ansvar for, og samtidig få en oversikt over hvilke av disse ordningene som er lovpålagt?*

Svar:

Til første del av spørsmålet om kva tilskotsordningar utvalet har ansvar for, viser eg til RS-sak 74/20 i møte 04.06.2020. Her er gitt ein oversikt over dei tilskotsordningane hovudutvalet har ansvar for og forvaltar i 2020. Dette er ei oppfølging av hovudutvalet sitt vedtak i PS-sak 21/20. Som oversikten viser, har utvalet ansvar for 29 fylkeskommunale ordningar (nokre prosjektretta og tidsavgrensa). I tillegg forvaltar utvalet 9 ordningar på vegne av staten.

Til spørsmålet om kva ordningar som er lovpålagt er å seie at kultursektoren i stor grad er prega av samarbeid og avtalebaserte løysingar. Dette er igjen forankra i vedtekne planer og politiske vedtak. Med nokre unntak er sektoren lite lovregulert.

Kulturlova pålegg kommunar og fylkeskommunar å syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt (§ 4). I tillegg er det sagt i § 5 at staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for:

- a. at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,
- b. å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Stat, fylkeskommunar og kommunar følgjer opp kulturlova m.a. via å stille økonomiske ressursar til rådvelde gjennom tilskotsordningar. Desse ordningane er kopla til meldingar (staten) og vedtekne planer (fylkeskommune og kommune), og er innretta til å bidra til å oppfylle dei lokale, regionale og nasjonale måla som vert vedtekne.

Vestland fylkeskommune har to gjeldande regionale planer for kultur; «PREMISS: KULTUR Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» og «Kultur for alle - regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027». I tillegg har vi også dokumentet «Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar» som er foreslått få status som temaplan (jf utkast til Utviklingsplan for Vestland).

Fylkeskommunen har fleire verkemiddel som kan nyttast i å forme den regionale kulturpolitikken. Økonomi er eitt av desse, kanskje også det mest synlege, og det verkemiddelet vi best kan måle resultat av.

Hovudutvalet har sidan første møte i november handsama fleire saker der vi har samordna retningslinjer for tilskot med utgangspunkt i ordningane i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane, og også handsama fleire saker der utvalet har løyvd tilskot etter nye retningslinjer. I tråd med dei overordna måla i kulturplanane, og dei retningslinjene som er vedtekne, skal tilskota bidra til eit variert og mangfaldig kulturliv i heile fylket.

Det vert no arbeid med å utvikle eit mål- og rapporteringssystem (MRS) for kultursektoren i Vestland for betre å kunne kartlegge, analysere og vurdere effektane av m.a. tilskotsordningane i Vestland fylkeskommune.

Dei gjeldande fylkeskommunale tilskotsordningane er uttrykk for politiske ambisjonar på kulturen sine vegner. Fylkeskommunen står fritt til å justere innretning og nivå på desse ordningane i tråd med politiske ambisjonar og prioriteringar.

Når fylkeskommunen forvaltar statlege tilskotsordningar er dette ut frå delegerte oppgåver via avtaler, forskrift eller statlege vedtak. Staten set vilkår og gir retningslinjer for bruken av

midlane. Fylkeskommunen kan i liten grad påvirke retningslinene. Dei statlege ordningane er øyremarka, og går utanom rammetilskotet. Desse ordningane påverkar ikkje det fylkeskommunale nettobudsjettet.»